



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Quality Hotel Ulstein  
**Dato:** 10.11.2022  
**Tid:** kl 13.00 - 16.05

---

<b>Fremmøtte</b>	<b>Reprenterer</b>	<b>Funksjon</b>	
Knut Kleiven		medlem	
Ivar Kåre Mork	Ap	leiar	
Gerd Bang Brevik	LOG	medlem	
Berit Lyngstad	V	medlem	

  

<b>Forfall</b>	<b>Reprenterer</b>	<b>Varamedlem</b>	<b>Reprenterer</b>
Asbjørn Gausdal			

### Andre som møtte

Vest kontroll:

Jostein Støylen, dagleg leiar.

Astrid Landsverk Sande, konsulent.

Kjetil Kvammen, juridisk rådgjevar/advokat. I sakene PS44, PS45 og PS 46

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:

Halldis Moltu, oppdragsansvarleg revisor.

Ulstein kommune:

Verner Larsen, kommunedirektør.

Steinar Nummedal, økonomileiar. I sakene PS38 og PS39

### Sakene vart behandla i følgjande rekkefølge:

PS31, PS32, PS33, PS34, PS35, PS36, PS37, PS38, PS39

*Pause mellom kl. 14:09 og kl. 14:17*

PS40, PS42, PS41, PS42, PS43

*Pause mellom kl 14:49 og kl 14:52*

PS44, PS45, PS46.

Møteslutt kl. 16:05

## Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 31/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/2695
PS 32/22	Godkjenning av protokoll	22/2695
PS 33/22	Referatsaker	22/2695
PS 34/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/2695
PS 35/22	Årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)	22/2681
PS 36/22	Årsrekneskap, årsmelding, revisjonsmelding 2021 Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS (SSR)	22/2683
PS 37/22	Tertialrapport UEKF 2022 - andre tertial	22/2692
PS 38/22	Tertialrapport 2. tertial 2022	22/2692
PS 39/22	Finansrapport 2.tertial 2022	22/2693
PS 40/22	Revisjonsplanlegging 2022 - Finansiell revisjon	22/2679
PS 41/22	Budsjett for kontrollarbeidet 2023	22/2680
PS 42/22	Vedtaksoppfølging	22/890
PS 43/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/2695
PS 44/22	Møtebok frå lukka kommunestyremøte den 24.03.2022, sak PS30/22 om granskingsrapport	22/1424
PS 45/22	Kommunestyret sin kompetanse i høve til løpande personalansvar for tilsette	22/1424
PS 46/22	Offentleggjering av opplysningar framkomne under granskning - spørsmål om kjeldevern/anonymitet	22/1424

Ulsteinvik, 10.11.2022

Ivar Kåre Mork

## **PS 31/22 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Vedtak:**

Innkallinga og saklista vert godkjende utan merknad.

### **Behandling:**

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

## **PS 32/22 Godkjenning av protokoll**

### **Vedtak:**

Protokollen frå møtet 27.09.2022 vert godkjend utan merknad.

### **Behandling:**

Protokollen frå møtet 27.09.2022 vart samrøystes godkjend.

## **PS 33/22 Referatsaker**

### **Underliggende sak:**

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>
10/22	Påvirker økt inflasjon kommunene

### **Vedtak:**

Referatsakene vert tekne til vitende.

### **Behandling:**

Referatsakene vart samrøystes tekne til vitende.

## **PS 34/22 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

**Behandling:**

Det vart stilt spørsmål til protokollen frå formannskapet på forståinga av RS17/22.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

**PS 35/22 Årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)****Vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) til vitende.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) til vitende.

**PS 36/22 Årsrekneskap, årsmelding, revisjonsmelding 2021 Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR)****Vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS til vitende.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS til vitende.

**PS 37/22 Tertialrapport UEKF 2022 - andre tertial****Vedtak:**

Kontrollutvalet tek tertialrapporten for 2. tertial 2022 til vitende.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek tertialrapporten for 2. tertial 2022 til vitende.

## **PS 38/22 Tertialrapport 2. tertial 2022**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek 2. tertialrapport 2022 til vitende.

### **Behandling:**

Økonomileiar Steinar Nummedal gjorde ei grundig orientering blant anna med powerpoint, og svarte på spørsmål.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek 2. tertialrapport 2022 til vitende.

## **PS 39/22 Finansrapport 2.tertial 2022**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek finansrapporten for 2. tertial 2022 til vitende.

### **Behandling:**

Økonomileiar Steinar Nummedal gjorde ei grundig orientering blant anna med powerpoint, og svarte på spørsmål.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek finansrapporten for 2. tertial 2022 til vitende.

## **PS 40/22 Revisjonsplanlegging 2022 - Finansiell revisjon**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2022 – finansiell revisjon for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

### **Behandling:**

Finansiell revisor Halldis Moltu orienterte og svarte på spørsmål. Det kom ikkje fram høve som gjorde det nødvendig å lukke møtet.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2022 – finansiell revisjon for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

## **PS 41/22 Budsjett for kontrollarbeidet 2023**

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramme på kr 224 000 (kr 174 000 + kr 50 000).
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2023 blir på om lag kr 1 220 342 (kr 1 170 342 + kr 50 000).

### **Behandling:**

Dagleg leiar i Vest kontroll, Jostein Støylen, orienterte og svarte på spørsmål. Det blei diskutert rundt om ein vil legge til ein post i tilfelle behov for ekstern bistand. Ivar Mork la fram forslag om å legge til ein post på kr. 50 000. Forslaget vart einstemmig vedtatt.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramme på kr 174 000.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2023 blir på om lag kr 1 170 342.

## **PS 42/22 Vedtaksoppfølging**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

## **PS 43/22 Saker til eventuell seinare behandling**

### **Behandling:**

Det kom ikkje fram opplysningar som gav høve til vedtak.

## **PS 44/22 Møtebok frå lukka kommunestyremøte den 24.03.2022, sak PS30/22 om granskingsrapport**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet rår kommunestyret til å be administrasjonen fremje eit forslag om at møteboka i folkevalde organ også skal innhalde opplysningar om kven, utanom dei med lovfesta møterett, som var til stades ved behandlinga av ei sak for lukka dører.

### **Behandling:**

Sekretariatet ved Juridisk rådgjevar/advokat Kjetil Kvammen orienterte og svarte på spørsmål.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet rår kommunestyret til å be administrasjonen fremje eit forslag om at møteboka i folkevalde organ også skal innhalde opplysningar om kven, utanom dei med lovfesta møterett, som var til stades ved behandlinga av ei sak for lukka dører.

## **PS 45/22 Kommunestyret sin kompetanse i høve til løpande personalansvar for tilsette**

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet gjer merksam på at kommunestyret sitt vedtak i sak PS 30/22 om tenestleg åtvaring av ein kommunalsjef låg utanfor kommunestyret sin kompetanse etter lova.
2. Advokat Reidar Andresen som var settekommunedirektør i den konkrete saka hadde etter kommunelova § 13-1 plikt til å gjere kommunestyret merksam på manglande rettsleg grunnlag for å treffe vedtaket.
3. Kontrollutvalet stadfestar at spørsmålet om tenestlege reaksjonar ligg til kommunedirektøren å vurdere.

### **Behandling:**

Sekretariatet ved Juridisk rådgjevar/advokat Kjetvil Kvammen orienterte og svarte på spørsmål. Kontrollutvalet diskuterte rundt tilrådinga og det blei lagt fram eit forslag om å legge til eit 3. punkt som lyder følgjande:

*Kontrollutvalet stadfestar at spørsmålet om tenestlege reaksjonar ligg til kommunedirektøren å vurdere.*

Forslaget vart samrøystes vedtatt.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet gjer merksam på at kommunestyret sitt vedtak i sak PS 30/22 om tenestleg åtvaring av ein kommunalsjef låg utanfor kommunestyret sin kompetanse etter lova.

Advokat Reidar Andresen som var settekommunedirektør i den konkrete saka hadde etter kommunelova § 13-1 plikt til å gjere kommunestyret merksam på manglande rettsleg grunnlag for å treffe vedtaket.

## **PS 46/22 Offentleggjering av opplysningar framkomne under gransking - spørsmål om kjeldevern/anonymitet**

### **Vedtak:**

Saka vert utsett i påvente av at nærare faktiske saksopplysningar vert innhenta og vurdert.

### **Behandling:**

Sekretariatet ved Juridisk rådgjevar/advokat Kjetil Kvammen orienterte og svarte på spørsmål om grunnlaget for forslaget om å utsetje saka.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Saka vert utsett i påvente av at nærare faktiske saksopplysningar vert innhenta og vurdert.